



DET KONGELIGE  
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

## Nye Brønnøysundregistra-lokale på anbod

Det skal gjennomførast ein offentleg anbodskonkurranse så raskt som mogleg for å avgjere kven som skal setje opp det nye bygget.

- Eg er opptatt av at Brønnøysundregistra skal ha eit moderne bygg, som samstundes skal vere ei kostnadseffektiv løysing. Ein anbodskonkurranse kjem både staten og næringslivet til gode. Vi vil få lågast moglege gebyr, og vi vil få eit bygg med dei kvalitetane som er viktige for både etaten og lokalsamfunnet, seier næringsminister Monica Mæland.

- Eg har tru på at fleire private utbyggjarar vil gje tilbod, legg ho til.

Dei tilsette ved Brønnøysundregistra har hatt krevjande arbeidstilhøve i mange år. Noverande lokale dekker ikkje etaten sitt behov. Etter at Statsbygg leverte eit forprosjekt til Nærings- og fiskeridepartementet, har departementet sett nærare på korleis etatens behov best kan dekkast. Konklusjonen er at offentleg anbod, for oppføring sentralt i Brønnøysund, er den beste løysinga for eit bygg som skal huse registra i mange år framover.

### **Pressekontakt:**

Pressevakten i Nærings- og fiskeridepartementet, tlf 902 51 303 (ikke sms),

[media@nfd.dep.no](mailto:media@nfd.dep.no)

[Abonner på pressemeldinger og nyheter fra NFD her.](#)